

Vi blir snart fem millionar i Norge

Det var registrert 4 937 000 busette i Norge pr. 30. april. Folketalet voks med 17.000 første kvartal i år, og om veksten held fram på same vis vil vi runde fem millionar innbyggjarar mellom februar og april neste år. Innflyttingsoverskot frå utlandet stod for 80 prosent av folkeauken. Det var 22.300 flyttingar til Norge, men også 8.900 utflyttingar. Begge deler er nye rekordar. Fødselsoverskotet var på 3.500 individ.



Høgst sjukefråvær i omsorgssektoren

Omsorgssektoren i Flora kommune hadde i første kvartal i år eit sjukefråvær på heile 14,4 prosent. Det viser ei oversikt som personalsjef Trond Ramstad Olsen (bildet) skal legge fram for politikarane i Helse- og sosialutvalet tysdag. Det er det høgaste som er registrert i kommunen. Totalt var sjukefråværet i kommunen på heile 9,9 prosent. Innan skule/barnehage var fråværet på 8,5, og i sentraladministrasjonen på 6,8.

Ikk i tusen knas



Steven ønskjer å flytte heim til Florø for eit tryggare liv for dottera. Med UDI nektar dei.

Foto: David E. Antonsen

Sørstrand til Stortinget

Storingsrepresentant Bjørn Lødemel, H, vil ta kravet om dyre arkeologregistreringar opp i Stortinget.

Ikkje som ei eiga sak, men som prinsippsspørsmål. – No er slike registreringar i ferd med å gli ut både i omfang og pris, seier Lødemel. Då er det rimeleg at staten tek kontrollen. Han var i Florø i førre veke og fekk då ei orientering om krava om marine registreringar som maks vil koste 127 000 kroner for undersøkingar i sjøen i samband med etablering av eit badeanlegg i området. I ettertid har Sørstrand folkepark fått eit tilsvarande krav frå fylkes-

kommunen for landområda, samstundes som formannskapet har bestemt at Flora kommune skal ta rekningane. – Det er heilt urimeleg at privatpersonar og frivillige lag og organisasjonar skal ta på seg slike kostnader. Vi har mange døme på at slike krav har stogga store næringsprosjekt eller ført til konflikter. Det er òg ein stor fare for at vi går glipp av viktige funn fordi folk ikkje tek sjansen på å fortelje kva dei finn. Om staten tek over trur eg at det vil kunne skape større respekt for slike funn. Eg kjem til å engasjere meg når temaet kjem opp i Stortinget, lover Lødemel.

Treng fleire altar og bassar på Kinn

– Arbeidet med Kinnaspelet er i rute. Vi har bra med folk i så godt som alle posisjonar. Det einaste er at vi manglar nokre altar og bassar til kora, seier Odd A. Stubhaug som er leiar i komiteen.

HARALD J. STAVANG
harald@firdaposten.no

– Pinsa er sein i år, og vi var litt engstelege i og med at siste øvingshelga fell saman med pinselhelga. Faktisk var vi inne på å utsette, men vi bestemte oss likevel for tredje helga i juni, slik det har vore i alle år, unnta den første framsyninga i 1985, og heldigvis var otten grunnlaus, fortel Stubhaug vidare.

Han oppmodar alle som kan tenke seg å vere med på spelet om å ta kontakt. Første korøvinga er tysdag 31. mai.

– Velkomne skal dei vere, legg han til, og oppmodar om å ringe Torleif Reksten som sit med den fulle oversikta.

– **Anna nytt om Kinnaspelet 2011?**

– Eg kan nemne at Jan Midtbø tek over rolla som «Garmund»



DEN FØRSTE: Erik Dreyer Hovland var den første som spelte gamle «Garmund» i Kinnaspelet, og hadde denne rolla i mange år. Arkivfoto

etter Inge Nygård som gav seg etter spelet i jubileumsåret 2010, fortel Stubhaug.

Midtbø har elles hatt seg ein pause i spelet, og er altså attende i «Songen ved det store djup» som er det offisielle namnet på Kinnaspelet.

Gratis landinfo-seminar om Irak

KF Innvandrersenteret i Flora inviterer til landinfoseminar om Irak 27. mai. Seminaret er på dagtid i Innvandrersenteret sine lokale i Florø idrettssenter. Det kjem to representantar frå IOM (International Organization for Migration) for å snakke om kulturen, geografien, historia, religionane, kurdarar/arabarar, invasjonen og samtida. Seminaret vil gje god og nyttig informasjon frå fagfolk som kjenner forholda godt i Irak. Seminaret er ope for alle interesserte, og er gratis. Ein må melde seg på.

STIFTINGA KRISESENTERET I SOGN OG FJORDANE

- Støtte og hjelp til menneske utsette for psykisk / fysisk mishandling
- Butilbod
- Støtte og hjelp også til barn
- Råd og rettleiing på telefon eller ved dagbesøk
- Gratis advokatteneste
- Frå 2011 omfattar krisesentertilbodet også menn

Tlf. 57 74 36 00. Døgnope

www.krisesenteret.sf.no

4H-gard

"Kveikje til dine ulmende idear"



Seminar for deg som lurar på 4H-gard
Viksdalen 17.-18. juni

www.4h.no/sognogfjordane

Arr.: 4H Sogn og Fjordane / 4H Norge
Støtta av: BU-midar frå Fylkesmannen i S. og Fj.

- markiser
- persienner ute/inne
- lamellgardiner
- plisségardiner
- rullegardiner
- levegg
- vindussprosser



Alt innen **solskjerming**
& vedlikeholdsfrie sprosser

Best på pris og kvalitet

Fasadeprodukter er en av landets ledende leverandør av solskjerming. Ring gjerne for gratis måltaking og pristilbud eller avtal et besøk i vårt utstillingslokale i Langebruveien 1, Førde. Tlf: 90867031

www.fasadeprodukter.no tlf: 800 80 488

